



Naturvernforbundet i Flora

Florø 09.01.2018


Mattilsynet Region Vest

v/Reidun Blindheim

Meir om fare for ureining av drikkevasskjelder rundt Guleslettene industriområde

Her følgjer det første kartet eg har sett som dekker nokre av drikkevasskjeldene (men ikkje alle!) som kan verte råka av ureining frå industriområdet (sjå figur under). Originalkartet finn du i ein heilt ny rapport frå utbyggar om ei vegutbygging nord i området, og som akkurat er lagt ut på NVE si heimeside ([her](#) s. 18). I same rapport står det (også s. 18) at utbyggar «ved negativ påverknad» vil sikre alternativ vassforsyning.

Eg finn ikkje nokon stad korleis utbyggar har tenkt å løyse dette, og her trur eg Mattilsynet må få klarlagt kva alternative løysingar utbyggar ser for seg. Kva terskelverdier skal praktiseras ved ureining, kva varslingsrutinar, skal ein ha, opprydding og overvaking mm. Dette vil vere viktig å ha avklara på førehand då havari gjerne skjer uventa og medfører akutt ureining. Utbyggar har diverre ikkje informert om korleis dei skal drifte anlegget, og kva reinhaldsrutinar, avisingsprosedyrar m.m. dei vil fylgje. Men i bystyret før jul opplyste dei at fjellområdet vil vere stengt for ferdsle i den årstida det er fare for ising, i praksis oktober-april.



Figur 6 Registrerte brønner (blå punkt) i området ved bebyggelsen i Sjørgulen. Kilde: Norconsult in prep. 2017

Figur 6: Blå og lyseblå prikkar representerer kjelder for drikkevatt, men kartet viser ikkje alle. I dette kartet har eg teikna inn nedbørsfeltet til Terdalsvassdraget med tynn, raud strek. Turbinar som vert plassert der det er overlapp mellom industriområde og nedbørsfelt vil kunne påverke drikkevattet i Teraldalen.

I kartet over har eg har teikna inn med raud strek kor nedbørsfeltet til t.d Terdalen overlappar med industriområdet. Gir- og motorolje, glykolar og syntetiske vaskemiddel er det ein risikerer å få i drikkevattnet over tid. Løysinga er sjølvsagt å flytte nokre av turbinane slik Mattilsynet krev i Nord-Norge (sjå tidlegare tilsendt info). Turbinane vert nær 200 meter høge, så dei vil uansett stå i fri vind oppe i fjella, og det er gjerne mindre endringar som skal til for å skjerme drikkevattn. Grunneigar Stein Malkenes i Terdalen har mellom anna klaga til NVE om at industrianlegget trugar drikkevattnet hans i fleire høyringsuttalar.

Eg tolkar regelverket for miljø- transport- og anleggsplan (MTA) som NVE presenterer [her](#), at mellom andre kommunen, Mattilsynet, grunneigarane og andre med rettar, har krav om å få vere med på synfaring og å få uttale seg også i denne fasen av etableringa av industrianlegget.

Eg er usikker på om utbygger (Zephyr AS) vil spørje andre enn kommunen, men så vidt eg skjønner så har dei ikkje teke kontakt med Mattilsynet for å få ei vurdering. Eg kjenner heller ikkje til at Naturvernforbundet eller Turlaget i Sogn og Fjordane har blitt orientert om MTA-arbeidet, sjølv om vi var høyringsinstansar i konsekvensutgreiinga.

NVE sin saksgang for Guleslettene industriområde og kven som er sakshandsamar finn du her: <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=87&type=A-1,A-6>

Venleg helsing

Jon Anders Stavang
Naturvernforbundet i Flora
-brevet er godkjent elektronisk og er difor ikkje signert

Kopi: Flora kommune v/rådmann T Heggheim og plansjef Anders Espeset